



# NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr. 2/2008

## Denne sendinga inneheld

- NU-kontakt
- innkalling til årsmøtet
- Fullmakstkjema til årsmøtet
- Brosjyre Folkekulturfestivalen

## Innkalling til årsmøtet

Vi kallar inn til årsmøte i Lillesand torsdag 24. og fredag 25. juli. Årsmøtestart er torsdag kl. 10.00. **Sjå eiga innkalling, sakliste og fullmakstkjema i denne sendinga.**

## NUR SNUR SØR

Ungdomar fyller Lillesand 21.-23. juli!

Kor tjukt kan du spele?  
Kor langt kan du danse?  
Kor høgt kan du kviskre?

Finn svaret saman med 100 andre aktive ungdomar mellom 14 og 26 år. Velg mellom kurs i teater, folkedans og musikk på samling i Noregs Ungdomsring, kort sagt NUR!

På kvelden kan du vere med på aktivitetar eller slappe av med nye vener.

Kurs i teater og musikk er nytt i år. Les meir på [ungdomslag.no](http://ungdomslag.no)

## Opplæringsfondet

Har du lyst å bli ein betre folkedansar eller ein betre skodespelar eller kanskje du er i gang med bunadopløringa? Då er det lurt å gå på kurs. Gjennom opplæringsfondet kan du søke støtte mellom anna til å gå på sommarkurs og aspirantkurs i organisasjonen. Føremålet med fondet er å yte tilskot/stipend til kurs og andre opplæringsiltak som kan styrke medlemmar og tilsette i Noregs Ungdomslag i dei aktivitetane og det arbeidet desse utfører for organisasjonen. Søknad sendast til Noregs Ungdomslag. Søknadsfrist er 1. juli.

## Velkommen til sommarkursa

Ringebu folkehøgskule 4. – 10. august

### Teaterhandverket og rolla til instruktøren – instruktørkurs i teater

- korleis set du ei historie i scene? Korleis kan du analysere og sette i scene ein tekst, lage teater utan å ha ferdig tekst og å legge improvisasjon og handlingsbasert fysisk teater til grunn for arbeidet med å skape liv og nerve på scenen. Lærar: Veronica Salinas.

### Instruktørkurs i folkedans

Eit kurs for deg som vil utvikle deg som dansar. Du vil få ei innføring i instruktør-/leiarrolla, gjennomgå instruksjons- og stegmetodikk, innføring i norsk folkemusikk og tilhøvet mellom dans og musikk, ha ei brei innføring i dei norske dansetradisjonane og utviklinga av folkedansen i Noreg. Lærarar: Vegard Opheim og Live Karin Liaskar

### Barne- og ungdomsinstruktør, Leik og læring

Leik og læring er kursmodellen for deg som jobbar med barn og ungdom, med hovudvekt på dans. Gjennom Leik og læring utviklar du deg sjølv som danseførebilete, får eit solid danse- og leikerepertoar, og lærer om barns utvikling, metodikk og pedagogikk.

### Bunadkurs

Modul 4 i bunadopløringa har temaet mønsteravtak, gradering og tilpassing. Deltakarane skal ta mønster av eit gammalt draktplagg og lære å gradere dette i større og mindre storleikar og til ulike kroppsfasongar. De skal teikne mønster og deretter skal de sy ein modell i lerret. Det vert i tillegg halde diverse kortkurs på kvelden. NB: Påmelding til bunadkurset skjer gjennom Folkekulturforbundet.

Les meir på [ungdomslag.no](http://ungdomslag.no)

## Nordlek 2009 i Lahti

Ta turen til Lahti i Finland- landet med dei tusen sjøar 30. juni til 5. juli 2009 der temaet for stemnet er vatten.

Noregs Ungdomslag oppfordrar dansarar frå heile Noreg til å ta turen neste år. Nordlek er ein møteplass for dansarar frå heile Norden Her deltar dei beste saman med dei mange. Det er høg kvalitet på kurs og konsertar, og dette er ein av dei mest sentrale deltakararenaen for norske folkedansarar.

Meir informasjon finn de på [www.nordlek.fi](http://www.nordlek.fi)

---

### Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10  
Faks 24 14 11 01  
[post@ungdomslag.no](mailto:post@ungdomslag.no)

### Adresse

Tollbugata 17  
Pb. 414 Sentrum  
0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027  
Org.nr: 939 550 550

[www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)

## Medlemskorta kjem snart

Medlemskorta våre er under produksjon og vert sendt ut så snart dei er komne til oss. Nytt av året er gyldighetsdato fram til ut mai neste år og nokre ekstra medlemsfordelar på hotell som vi har fått igjennom BUL i Tromsø. Har de medlemsavtalar som gjeld alle NU-medlemer, vert vi svært glade for å få ei melding om dette. Då kan vi legge det ut på heimesidene våre og trykke dei på korta neste år.

## Prosjektleiing i frivillige organisasjonar

I samarbeid med Høgskulen i Oslo, tilbyr LNU - Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar kurs i prosjektleiing. "Prosjektleiing i frivillige organisasjonar" gjev 10 studiepoeng. Deltakaravgifta vert subsidiert for medlemer i Noregs Ungdomslag- og alle dei andre medlemsorganisasjonane i LNU. Sjå meir informasjon på [www.lnu.no](http://www.lnu.no).

## Støtte til medarbeidaropplæring

Folkekulturforbundet (FOLK) har sett av 250.000,- til lag og organisasjonar som arrangerer medarbeidarsamlingar med kurs som tema. Til slike arrangement kan det søkjast om støtte på inntil 7.500,-. Les meir på [www.folkekultur.no](http://www.folkekultur.no)

## Kva skjer?

06.06	Premiere Romeo og Julie på Munkholmen arr. BUL i Nidaros
06.06 - 08.06	Barnestemne i Nordland Ungdomsfylking, Bodø
06.06 - 08.06	Fylkesstemne for barn i Hordaland, Landås, Bergen
13.06 - 15.06	Fylkesstemne for barn i Sunnmøre fril. UL Volda
24.06 - 05.07	NUTU sommerteaterskole, Finland
02.07 - 06.07	Barnlek 2008 (Nordisk stemne for barn) Porsgrunn
08.07 - 12.07	Havleik, Torshavn, Færøyane
21.07 - 24.07	Samling i Noregs Ungdomsring - folkedans, teater og musikk
24.07 - 27.07	Folkekulturfestivalen 2008, Lillesand
24.07 - 25.07	Årsmøte i Noregs Ungdomslag, Lillesand
01.08	Søknadsfrist Sans for dans 2009, Noregs Ungdomslag
04.08 - 10.08	Sommarkursa i Noregs Ungdomslag. Kurs i teater, folkedans, leik og læring og bunad, Ringebru folkehøgskole
01.10 - 05.10	Tematur med bunadrådet, Karasjok
17.10 - 19.10	Kurs om herrebunader i Hordaland, Storkurs i HU
24.10 - 26.10	Nasjonal Amatørteaterfestival, Stord (Norsk teaterråd)
24.10 - 26.10	Dains og Spæll, Bodø
25.10	Haustleik, BUL-hytta til BUL i Nidaros, Lian

Sjå fleire tilbod på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)  
Send oss tips om aktivitetar!

## Stipendordning for kurslærarar

Folkekulturforbundet (FOLK) har danna ei stipendordning for kurslærarar som ynskjer å vidareutdanne seg eller få meir kunnskap om eit emne. Det er sett av totalt 100.000,- til utdeling av reisestipend, og kvart stipend vil vera på inntil 5.000,-. Les meir på [www.folkekultur.no](http://www.folkekultur.no)

## Norsk Amatørteaterfestival 2009

På ny inviterer Noregs Ungdomslag og Det Norske Teatret grupper i NU til å spele framsyninga si på Det Norske Teatret. Kanskje er det dykkar tur neste år? I tillegg til framsyningar blir det kurs, monologkonkurranse, seminar m.m. Det er også høve til å delta i eit eige "frå tema til framsyningsprosjekt" der fattigdom er felles tema. Festivalen finn stad 4.-10. mai 2009. Søknadsfrist: hausten 2008. Følg med i ungdom, lagsseningar og på heimesida.



---

### Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10  
Faks 24 14 11 01  
[post@ungdomslag.no](mailto:post@ungdomslag.no)

### Adresse

Tollbugata 17  
Pb. 414 Sentrum  
0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027  
Org.nr: 939 550 550

[www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)